

Marint verneområde kring Stad – oppstartmelding: Eit ledd i det nasjonale arbeidet med marint vern

Oppstartsmeldinga markerer starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret verneframlegg, med framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing, og verneverdiar. Arbeidet blir gjennomført etter oppdragsbrev av 18.04.2017 frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet om å gjennomføre verneplanprosess for nokre utvalde marine område, og oppdragsbrev av 20.04.2017 frå Miljødirektoratet til Fylkesmannen.

Arbeidet med marint vern er forankra gjennom fleire stortingsmeldingar og handsaming i Stortinget. Varsel om verneplanarbeid for marine miljø kom først gjennom stortingsmelding nr 68 (1980-81) «Vern av norsk natur», og i «Utredning DN nr. 1995» var Stad med på ei liste over eigna marine verneområde. Arbeidet med marint vern er også forankra i stortingsmelding 14 «Natur for livet» (2015-2016).

Området inngår i kategori 5 – Opne kystområde, og ligg i Vestnorsk subprovins.

Areal, geografisk plassering og avgrensing

Planområdet er 114,5 km² og ligg i sin heilskap i Selje kommune i Sogn og Fjordane fylke.

Det planlagde verneframlegget er vist på vedlagde kart. Det marine verneområdet vil støyte til dei tre eksisterande verneområda (naturresevata) Høgfjellet, Dekkjene og Tungevåg med felles grense. Avgrensinga mot land vert lagt slik at privat grunn ikkje vert berørt, dvs. frå marbakken eller to meter djupne. Grensa til havs er definert med koordinatar.

Verneverdiar og –føremål

Kandidatområdet er ein god representant for dei ekstremt eksponerte delane av kysten. Farvatnet er relativt grunt, og med særeigne bølgetilhøve. Kandidatområdet utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, og størstedelen har ei djupne < 50 meter, medan ytst er djupna kring 200 meter. Sør i området er det registrert flokkar på nokre hundre mytande ærfugl, noko som tyder på at tareskogen har ein velutvikla fauna.

I dette området utgjer moglege førekomstar av sokne torvmyrar i tillegg eit element som er spesielt og sjeldsynt i Noreg, då dette er av dei få kystavsnitta der havet har trengt inn over land i etteristida.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit representativt havområde på den ytre, eksponerte kysten, frå land til ope hav. Verneverdiane i eit slikt område er knytte til botnen og botnorganismane, og den store spennvidda i djupnetilhøve, botntilhøve og eksponeringsgrad, som til saman gjev stor spennvidde i plante- og dyreliv. Verneverdien er altså knytt til mangfaldet av undersjøiske naturtypar i dette sterkt eksponerte kystområdet.

Geologiske, fysiske og biologiske forhold

Stadlandet ligg i eit grunnfjellsområde dominert av granittisk gneis. Det markerer eit lokalt klimaskilje, mellom anna er årsnedbøren på sørsida av Stadlandet mellom 2000 og 2500 mm, mens han på nordsida er 1000-1500 mm. Stad markerer også eit skilje i framherskande vindretning, og kyststripa utanfor er blant dei mest vêrharde i landet. Vindstyrkar på 120 knop er stipulerte (nedre grense for orkan er middelvind på 63 knop).

Sjølve Stadlandet er ei "høgslette" med ei gjennomsnittshøgde på rundt 450 moh, med bratte sider ned mot havet, men og med djupe vikar og velutvikla sandstrender. Mot kandidatområdet er busetnaden avgrensa til vikar og små dalføre mellom dei brattaste fjellskrentane. Området har, i motsetning til landet elles, sokke etter siste istid. Det finst sokne torvavsetningar i dei store vikene.

Farvatnet er reint, med unntak av ei samling skvalpeskjer (Bukketjuvane) to km vest for fastlandet ved fjellet Kjerringa, og einskilde undervasskjer langs vestkysten. Sjøbotnen skrånar langsamt utover frå land, og mot vest må ein 3-5 km ut før ein når 100 meters djup. Mot nord og nordaust er det litt djupare. Bølgjetilhøva langs indre skipslei rundt Stad er ofte vanskelege. Dette skuldast stor bølgjepågang og dei spesielle djupnetilhøva i området utanfor.

Kulturminne

Det ligg fleire skipsvrak i området, mellom anna hurtigruta St. Svithun som vart bomba under krigen og sett på land ved Kobbholmen utanfor Ervik. Ved Ervik finst og ein gammal kyrkjegard, og ei "loshylle" i fjellveggen vest for Kjerringa. Elles er det registrert automatisk freda kulturminne ved ytre Honningsvågen, og eit verneverdig naustområde ved Eltvik på austsida. Det låg eit stort tysk kystfort på Storeneset ved Tungevågen, eit luftvernanlegg på eit nes ved Ervik (Hovden), og eit stort radaranlegg på Kjerringa. Installasjonane på Kjerringa blei fjerna etter krigen, men det ligg att mange steinmurar som blei sette opp som vern mot luftangrep og mot veret av russiske krigsfangar.

Dragseidet frå Drage i vest til Leikanger i aust ligg sør for kandidatområdet. Dei viktige kulturminna på Selja og Silda er rundt ei mil sør for grensa.

Brukarinteresser

Fiske

Fiskeridirektoratet føretekk registrering og kartfesting av fiskeområde. Registreringane finn ein på Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy på <https://kart.fiskeridir.no>

Låsetjingsplassar for fisk og kasteplassar for sild/brisling:

Det er ein låsetjingsplass i Honningsvågen og ein sør i Hoddevika (ved Furestaven). I Hoddevika er det også ein større kasteplasse for sild/brisling. Låsetjingsplassane og kasteplassane er viktige når det blir fiska med not.

Namn på felt	Fiskeslag	Reiskap	Tidsrom	Omtale
LÅSETJING				
Stadvågen Hoddevikneset/ Furestaven	Sei, makrell, sild	Not	Heile året	Alle låsetjingsplassane i heile Stodområdet er viktige til låsetjing av sei, makrell, sild. Det er ikkje mogleg å drive notfiske uten å ha tilgang på låsetjingsplassar.

Namn på felt	Fiskeslag	Reiskap	Tidsrom	Omtale
KASTEPLASS				
Hoddevik	Sei, makrell, sild	Not	Heile året	Kasteplassen inngår i fiskeområde nr. 1441030002 Ysteboen.

Fiskeområde:

Området vest for Stad har vore, og er enno, eit av dei viktigaste fiskefelt for kystflåten i distriktet frå Florø i sør til Ålesund i nord. Det vil ramme inntektsgrunnlaget for ein viktig fiskeflåte dersom det ikkje skulle vere tillate å fiske i dette området. Etter fiskarlaget sitt syn vil ikkje fiskeriaktiviteten som blir driven i området i dag ha nokon innverknad på sjøbotnen eller miljøet i strandlinja.

Viktige fiskeområde er merkte på kartet på nettsida til Fiskeridirektoratet). Kartet viser 3 område i det aktuelle kandidatområdet, men heile området er å rekne som eitt fiskeområde.

Fartøya som driv med snurrevad i området er relativt små, ca 30-60 fot med ca. 100-400hk. Storleiken på nota varierer mellom 30-50 fv lange og 4-6 fv høge, med ei synkevekt på ca. 20-30 kg. Det er såleis relativt små og lette nøter som blir brukt i området. Lengda på snurrevadtaua varierer mellom 3-5 kveiler (180-300fv). Bruket er såleis så "fint balansert" at det så vidt rører botnen. Fleire av desse fartøya driv berre snurrevadfiske, eller har største delen av drifta i dette fisket, slik at eventuelle restriksjonar/avgrensingar vil få store negative konsekvensar for mange yrkesfiskarar, utan at det så langt er dokumentert at fiskeria i området medfører skadeverknader på havbotnen eller miljøet elles. Dette er eit av dei mest vêrharde områda på kysten, med fiskefelt på relativt grunt vatn der havbåra og sjøgang i dårlig vêr fører til endringar på havbotnen uavhengig av fiskeriaktiviteten (flytting av sand frå område til område, og endring av store og små sandbankar).

Alle felta er like viktige for fisket. Dersom enkelte felt blir stengde vil det automatisk medføre større press og "slitasje" på dei andre felta.

Namn på felt:	Fiskeslag	Reiskap	Tidsrom	Tal fartøy/ sysselsette	Frå kva fylke
Bukketjuane/ Stadlandet	Torsk, sei, hyse, makrell,	Garn, line, snurpe- not,	Heile året	Ca. 40-50 fartøy driv vinterfiske utanfor Stad med garn og line. (40-50 fartøy x 1-3 "mann") Eit omfattande fiskeri.	Møre og Romsdal Sogn og Fjordane Hordaland
Ysteboen	sild,	snurre- vad,		Ca.30 kystnotfartøy fiskar etter sild om vinteren og etter makrell om hausten. Fisket føregår ofte frå "fjøresteinane" og utover.	
Havfluene	brosme, breiflabb, hummar, laks,	kilenot, teiner		Snurrevadfiske blir drive av kystfartøy frå heile distriktet heile året om veret tillet det. Snurrevadfelta er i Hoddevika, Ervika, Honningsvågen og Eltvika, desse felta vil bli råka om området blir verna. Laksefiske med kilenot og hummarfiske med teiner er viktig for dei som er busette i bygdene på ytre Stad, og som driv kombinasjon småbruk/sjarkfiske. Over 15 gardsbruk i bygdene har dette fisket som attåttnæring".	

Fiskemottak:

Det er i dag 3 fiskemottak i Selje kommune. Eitt av desse ligg i kandidat område 140212. Mottaket Staffisk, ligg i Stadvågen, Honningsvåg og sysselset på det meste 10 personar. Mottaket tar imot kvitfisk frå kystflåten.

Rekefelt:

Det er registrert rekefelt utanfor kandidatområdet mot vest, og eit felt (i Vanylvsfjorden) som så vidt tangerer kandidatområdet i nordaust. Rekefisket i dette området har liten økonomisk verdi for rekefiskarane i Sogn og Fjordane.

Taretråling:

Vesentlege tareinteresser, 2-3000 t blir hausta kvart år. Vestsida av Stad er p.g.a. vêrtilhøve, bratte fjell og botntilhøve lågare prioritert av tarenæringa enn austsida av Stad, som er eit svært bra område å hauste tare i. På grunn av ny forvaltningsplan for tare, der eit sjøfuglreservat ved Stad er føreslått stengt for taretråling (Høgfjellet, 110 da sjøareal), må resterande tarefelt etter næringa sitt syn behaldast for å sikre eit stabilt råstoffgrunnlag og lønsemd i næringa.

Tema: TARE felt nr.	Restriksjonar i feltet :	Hauste- kvantum (tonn, pr. 31.12.01)	Botn- tilhøve	Eksponert område	Kor viktig er feltet med omsyn til inntekt? Andre viktige faktorar ?
111 E		100 – 200	Stein/ berg	100%	I samband med arbeidet med Forvaltningsplan for tare i Sogn og Fjordane, avslutta 01.07.2002, har Taretrålernes Forening og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane blitt samde om kvar det kan trålast etter tare og kva område som skal vere stengt for slik aktivitet. Det er her tatt omsyn til sjøfugl- og våtmarksreservat, og viktige myte-/vinterområde. Dei resterande tarefelta er etter tarenæringa sitt syn heilt naudsynte for å sikre ein stabil tilgang på råstoff og lønsemd .
110 E		500 – 1000	Stein/ berg	100%	
109 B		2000– 000	Stein/ berg	100%	
108 B		2000– 3000	Stein/ berg	100%	
107 A	<u>Høgfjellet.</u> Ein liten del av felt 107A er stengt.	100 – 500		50%	
106 D	<u>Høgfjellet.</u> Del av felt 106D er stengt.	1000- 2000	Stein	100%	
105 D		100 – 500	Store steinar	100%	
104 C		1000- 2000	Stein/ berg	100%	

Akvakultur

Det ligg ingen oppdrettskonsesjonar innanfor kandidatområdet.

Friluftsliv

Dei to vikene Ervika og Hoddevika har status som regionalt viktige friluftsområde i fylkesdelplan for arealbruk.

Andre brukarinteresser

Det er ikkje kjent planlagd næringsaktivitet som skil seg frå aktiviteten i dag (med mogleg unntak for turisme).

Skipstrafikk

I følgje Kystverket sitt kart av 14.12.2004 over farleier på Vestlandet, går (med atterhald om at karta er samanlikna på augnemål, ikkje med koordinatar) følgjande skipsleier gjennom kandidatområdet: Påbodne leier nr. 1523, 1526, 1528 og 1533; hovudlei nr. 1531; og bi-leier nr. 2348, 2356 og 2358.

Eksisterande vern

Følgjande verneområde grensar til kandidatområdet:

- Tungevåg våtmarksreservat (Kgl.res. 20.12.1991, 0,615 km², 0,614 km² sjø), oppretta for å ta vare på ein grunn poll som er viktig for trekk og overvintring av våtmarksfugl;
- Høgfjellet sjøfuglreservat (Kgl.res. 28.5.1993, 0,39 km², 0,11 km² sjø), oppretta for å ta vare på eit fuglefjell
- Dekkjene myrreservat (Kgl.res. 18.6.2004, 4,547 km²), oppretta for å ta vare på eit område med velutvikla terrengdekkjande myr.

Dalsbøvassdraget som er verna mot kraftutbygging, munnar ut i kandidatområdet i Ervik.

Plansituasjonen

Selje kommune vedtok arealdelen til kommuneplanen i mai 2017, med unntak av fire delområde/byggjeområde der det er motsegn og som ikkje berører eller grensar til kandidatområdet. Ein kommunedelplan for sjøareal (kystzoneplan) vart vedteken i 1997. Den delen av kommunen sitt areal som ligg i kandidatområdet er registrert som viktig fiskeområde. Det er ikkje avsett område til akvakultur i det aktuelle området.

Ureining

Vi er ikkje kjend med at det er ureiningsproblem i kandidatområdet. Skipsulukker som medfører oljelekkasje er truleg det største ureiningstrugsmålet.

Referanseområde

Ut i frå ei avveging av omsynet til urørd tareskog og omsynet til næringsinteresser, er det føreslege å dele verneområdet opp i éin del (aust for Stålet, 23,09 km²) der det kan haustast tare, og éin del (vest for Stålet, 91,41 km²) som er skjerma mot taretråling. Såleis kan den vestlege (største) delen av kandidatområdet kanskje reknast som eit urørt referanseområde i høve til taretråling. Om denne funksjonen som referanseområde er reell, dvs. om det urørde området av naturen har den same karakteren og miljøtilhøva som områda som vert taretrålte, bør vurderast nærare av fagfolk på marin økologi. Vurderinga frå tarenæringa, at vestsida er meir vêrhard og med det mindre eigna for tarehausting, kan tyde på at dei to delane har ulikt utgangspunkt, noko som i tilfelle reduserer referanseverdien.

Kandidatområdet har i alle fall referanseverdi når det gjeld regional ureining, då det får lite eller inkje tilsig frå kloakk og anna ureining.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova inneheld heimel for å kunne verne natur etter fleire kategoriar. Marine verneområde etter § 39 er ein eigen vernekategori for vern som berre omfattar sjøområde. Marine verneområde kan opprettast for å ta vare på marine verneverdiar, også naturverdiar som landlevande artar er avhengige av. Eit breitt spekter av verneformål er nemnt i § 39. Verneformålet kan omfatte verdiar knytte til sjøbotn, vass-søyla, overflata eller ein kombinasjon av desse.

I eit verneområde i sjø må ingen føreta seg noko som forringar verneverdiane som går fram av verneformålet. Eit verneområde i sjø kan vernast mot all verksemd, ureining, tiltak og bruk, men med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten. Restriksjonar på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

I marine verneområde er det særleg viktig å unngå inngrep som påverkar sjøbotnen, vassutskifting og straumforhold i nemneverdig grad, sidan desse er avgjerande for kva for artar og naturtypar vi finn i området.

Moglege verknader av eit verneframlegg

Avgrensinga av området femnar dei "grunnare" og venteleg mest produktive sjøområda, men får også med brattare skråningar mot djupt vatn.

Området er etter det vi veit ikkje utsett for andre vesentlege inngrep enn taretråling. Fleire skipsforlis er registrerte i området, men det har i nyare tid ikkje vore forlis med utslepp av olje eller anna som har truga naturtilhøva. Dersom Stad skipstunnel blir realisert, vil dette trugsmålet bli vesentleg mindre. Vi ser difor ikkje trong for ei streng verneform i området. Fiske slik det skjer i dag omfattar ikkje botntrål, og bør difor kunne halde fram som før. Taretråling er meir problematisk i høve til det vernet av sjøbotnen som vert vektlagd i i førearbeida til marin verneplan. Prinsipielt bør det ikkje haustast i det mest produktive habitatet i eit marint verneområde, men av omsyn til næringa vert det føreslege å opne for taretråling aust for Stålet (nordlegaste punktet på Stad). Grunngevinga er at i følgje Fiskeridirektoratet sitt regionkontor er austsida av Stad eit godt område å hauste tare i, medan vestsida er lågare prioritert av tarenæringa pga. vêrtilhøve, bratte fjell og botntilhøve.

Dersom fiske i vassøyla over botnen kan halde fram som før, vil vern etter det vi veit no berre kunne få negative konsekvensar for tarenæringa.

Restriksjonsnivå i høve til ulike aktivitetar skal utgreiast nærare i den vidare prosessen med utgangspunkt i tilrådingene fra "Rådgivende utvalg for marin verneplan". Eit vernevedtak vil føre til restriksjonar på tekniske inngrep i heile området som vert verna. Det gjeld tiltak som utfylling, byggjeaktivitet, mudring, deponering av masse, undervasssprenging, kabellegging, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting. Mindre tiltak i form av utfylling, bygging og kabellegging bør derimot kunne vurderast. Eventuelle utslepp av kjølevatn, eller anna som berre påverkar vassmassane, vil i dette området truleg ikkje vere så problematisk, då området har stor naturleg vassutskifting. Det er likevel viktig i den vidare prosessen å få drøfta kva inngrep som kan verte aktuelle i framtida, og kva som i tilfelle bør kunne tillatast. Det vert ikkje lagt opp til restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar.

Tekniske inngrep som t.d. plassering av nye kaianlegg eller småbåthamner må skje med varsemd, og større tiltak bør som nemnt unngåast. Dersom rørleidningar og kablar må leggjast gjennom området, bør det skje i utvalde korridorar og med skånsame metodar slik at påverknaden vert minst mogleg.

Som dei andre kandidatområda for marint vern i Sogn og Fjordane er også Stad dårleg undersøkt marinbiologisk. Dersom nærare undersøkingar syner spesielt verdifulle og sårbare delområde, eller overvaking syner at fiske, taretråling eller andre aktivitetar og inngrep har verknader som trugar verneføremålet, inneber reglane i naturmangfaldlova at dei aktuelle aktivitetane må revurderast.

Stad har eit potensial i turisme ("Vestkapp"), og nyleg blei ein planlagd vindmøllepark på Stadlandet skrinlagd av omsyn til landskapsverdiar. Status som marint verneområde vil kunne verke positivt på turismen til området.

Konsekvensane av verneframlegget for det marine området "Stad" skal kome klarare fram gjennom den ordinære planprosessen, som m.a. vil femne om møte med partane som vernet vedkjem, og offentleg høyring.

Forvaltning

Forvaltingsplan

Det vil bli utarbeidd forvaltningsplan for verneområdet. Denne vil omtale tiltak for å fremje føremålet med vernet, og konkretisere korleis verneforskrifta og eventuelt andre juridiske verkemiddel skal praktiserast. Viktige tema vil venteleg vere fiske og taretråling, men ei rekkje andre tema vil venteleg også kome opp. Ikkje minst kan det vere trong for grundigare diskusjonar knytte til dei delane av området som støyter opp mot hamner og busetnad m.m., der det er viktig å ha klare køyrereglar som sikrar verneføremålet utan å skape unødige konflikhtar.

Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter naturmangfaldlova.

Det vil bli lagt opp til ulike prosessar for å involvere dei styresmaktene, organisasjonane og næringsutøvarane som vernet vedkjem i forvaltinga av områda.